



SØLVBERGET
STAVANGER KULTURHUS

SKOLEBIBLIOTEKSENTRALEN

Titlar på nynorsk for barneskulen

www.stavanger-kultuhus.no/skolebiblioteksentralen

Anderson, Lena: Vesle Pinne får besøk (15 eks.)

Denne særprega og sjarmerande biletboka for dei minste, handlar om eit lite piggsvin som sit einsam på kjøkenet og ønskjer at nokon skal kome på besøk. Snart kjem den eine etter den andre inn døra, og kjøkenet fylles med vener. Teksten er skriven på rim og historia inviterer lesaren til å telje med frå ein til ti. Dette er ei biletbok med sjel.

Andresen, Nina Molstad: Då eg var liten var det krig (18 eks.)

Nina var åtte år då krigen kom til Noreg. I denne boka fortel ho korleis ho opplevde krigsåra - med heimestrikka strømper som klødde, matrasjonering og nedgraven radio. Det er ei skildring av eit barn sin kvardag under krigen - med både gode og vonde minne. Boka er lett å lese, med korte setningar og illustrasjonar. 4.-5. klasse

Belsvik, Rune: Verdás mest forelska par: ei forteljing frå Bløygen (30 eks.)

Esmiluni og Bidger har det godt. Dei bur i den vesle bygda Bøygen. Her dyrkar dei livet og kvarandre. Som kjærastar flest pludrar, kosar og klemmer dei dagen lang. Det einaste som kan true idyllen, er ein konkurranse om kven som skal kårast til Verdás mest forelska par – og Bjørn Disel. Bjørn Disel bur også i Bøygen, har bensinstasjon og er hemmeleg forelska i Esmiluni. Når den store konkurransen blir offentleggjort, melder han seg og Esmiluni på. Men Esmiluni er også påmeldt saman med Bidger, og heile Bøygen står bak dei når dei drar avgarde for å sikre heimbygda den store premien. Både konkurransen og Bjørn Disel set kjærleiken mellom dei to på ei hard prøve. Men som seg hør og bør i ei romantisk forteljing, endar det godt. Eit frodig persongalleri, underfundig humor og Belsviks særprega forteljarstemme gjer dette til ei spesiell leseoppleving.

Bjugn, Sissel Solbjørg: Lus (17 eks.)

Laura blir smitta av lus. Faren vil ikkje høyre snakk om lus når Laura nemner at ho kanskje har noko som klør i hovudet. Det var jo slikt fattigfolk hadde før i tida. Laura veit korleis lusa smittar, og derfor tek ho hatten til faren og prøver han. Historia er morosam og godt fortalt. Ein får inntrykk av at lusa myldrar...

Bratland, Bente: Eg spør! Eg tør! (30 eks.)

To-i-eitt-bok. I den første boka, "Eg spør!" er Hanna bestevenn med Emma. Dei to gjer alt i lag. Heilt til Emma blir saman med Kristoffer, då vil ho berre vere saman med han heile tida. Hanna vil òg ha ein kjæraste, men ho veit ikkje

korleis ho skal gjere det og kven ho skal velje. Hanna tek for seg klasselista. I den andre boka "Eg tør?" er Hanna og Emma på klassetur, men Emma er lei seg og vil heim. Det er blitt slutt mellom ho og Kristoffer, og no er han i lag med Vilde i klassa. Når venninna stikk av, blir Hanna fortvila, men så får ho trøyst av Sander. Forteljing for mellomtrinnet.

Bratland, Bente: Kvar er Lurven (15 eks.)

Tores aller beste venn er hunden Lurven. Ein dag han kjem heim etter ein tur i teateret er ikkje Lurven der. Han er forsvunnen. Fortvilt leitar Tore etter han, mor og far er òg med og leitar, men når natta kjem har dei framleis ikkje funne Lurven. Bøkene i serien grønn komet trinn 2 har ulik lengde på bøkene, frå 32 til 48 sider. Bøkene har fargerike illustrasjonar av kjente illustratørar, korte linjer og teksttypar som passer fint til målgruppa. Bøkene handlar om alt frå kvardagslege ting til det fantasifulle. Nynorsk tekst. Lettlest for småskole-/mellomtrinnet.

Carey, Peter: Den store premien (15 eks.)

Tiårige Sam fartar frå stad til stad saman med faren, som er profesjonell gambler, og mora, som er målar. Den lille familien held saman og Sam lever på mange vis eit godt liv, sjølv om pengesituasjonen vekslar ein del på grunn av foreldra sine yrke. Men den optimistiske faren seier alltid: Når ei dør lukkar seg, opnar det seg ei anna. Å finne opne dører blir også Sam si utfordring når han på eige hand fer på leiting etter ein rik eksentrikar som skal kjøpe eit måleri frå mora. På veggen hamnar Sam i ei tevling for barn der utsjånad, dans og etikette blir vurdert. I denne kunstige verda ter Sam seg som ein normal, skitten, uvøren og impulsiv gut, og vinn mot alle odds domaren sitt hjarte. Arrangøren av konkurransen viser seg dessutan å vere den forsvunne målerikjøparen. Slik ender det godt i ei ganske vill og pussig historie, rik på morsomme opptrinn og gode skildringar og med god språkleg flyt.

Eriksson, Eva: Malla handlar (10 eks.)

Malla har blitt så flink og stor at mormor let henne gå heilt aleine og handle. Men i butikken er det så mange store damer at ingen ser Malla. Da det blir hennar tur, hugsar ho ikkje lenger kva ho skulle handle. Potetsekken er så tung og veggen heim så lang - dumme mormor! Betre går det heldigvis neste gang, da skal ho berre handle wienerbrød til kaffen, eller var det krembollar ho skulle ha? Dette har blitt ei verkeleg søt historie om å bli stor og få ansvar, og så blir det likevel litt for mykje å halde styr på. Teksten er knapp, men sær uttrykksfull, og

teikningane grip fatt i det ein les mellom linjene. Illustrasjonane, som er utførte i blyantfargar, kommenterer og utfyller teksten og får fram dei heilt sentrale poenga i forteljinga med sikker hand. Dette har blitt ei heilstøpt biletbok om eit tema som heilt sikkert mange vil kjenne seg att i.

Gripe, Maria: Tordivelen flyg i skyminga (29 eks.)

Dette er ei fantastisk forteljing om tre ungdommar sine mystiske opplevingar i ein by i Småland, og om korleis tilfeldige hendingar gjer at visse gøymde og gløymde saker rullast opp og blir avslørt. Boka har ei fin blanding av medmenneskelege samspel og ekte mysteriegrøss, så det blir opplevingar på mange plan. Gode, lesevenlege typar. 6.-9. klasse.

Grytten, Frode: Gabba, gabba hey! (15 eks.)

Knut vil ikkje på tivoli, han liker ikkje tivoli. Men far hans elsker tivoli og det einaste som står i hovudet til faren er tivoli, som og seier Gabba Gabba Hey. Dette er ei forteljing for fedrar og søner, tivolielskarar og tivoliatarar. Nynorsk tekst. Billedbok for førskolebarn/småskoletrinnet.

Grøhn, Heikki: Ninni byrjar på fotball (15 eks.)

Fotballaget som Ninni har byrja på består av berre gutar, ho er den einasta jenta på laget. I byrjinga er det ingen som spelar ballen over til ho, dei trur ho er for dårleg sidan ho er jente. I den første fotballturneringa Ninni deltar i blir det straffe til laget hennar, og trenaren vil at Ninni skal ta straffesparket. Bøkene i serien grønn komet trinn 2 har ulik lengde på bøkene, frå 32 til 48 sider. Bøkene har fargerike illustrasjonar av kjente illustratørar, korte linjer og teksttypar som passer fint til målgruppa. Bøkene handlar om alt frå kvardagslege ting til det fantasifulle. Nynorsk tekst. Lettlest for småskole-/mellomtrinnet

Hansen, Atle: Det kvite pulveret (30 eks.)

Anders bur på ei lita øy ute i havgapet. Ein varm sommardag finn han ein svart pakke nede i fjæra. Pakka gøymer han på ein hemmeleg stad så han kan studere innhaldet i fred og ro, trur han. Men han er ikkje åleine i fjæra, ein mørkledd mann ser alt han gjer. Det som Anders trudde skulle bli ein kjedelege sommar saman med dei tre vennene sine, blir i staden meir spennande og dramatisk enn han hadde håpt på når ein livsfarleg smuglarliga kjem til øya. Nynorsk tekst. Spenning for mellom-/ungdomstrinnet.

Hansen, Atle: Fangar i natta (30 eks.)

Martin, Anna, Anders og Steinar får ein ny sak å hanskast med når Martin ein morgon kjem ned til jolla si og ser at påhengsmotoren er borte. Fleire motorar er stole i båthamna. Samstundes er Anna i skogen, og kjem fram til eit hus der det ikkje har budd folk på mange år. Folk seier at det spøkjer der. Brått dukkar det opp ein mann i døra som Anna aldri har sett før. Dei fire barna på den lille øya i havgapet er i stor fare når dei avslører ein aust-europearbande som stel påhengsmotorar. Spenning for mellom-/ungdomstrinnet.

Heine, Helme: Venner (15 eks.)

Hans Hanekam, Jonni Pip og tjuke Valdemar er dei beste venner og bur saman på ein gard. Ei fin bok om verkelege venner, som hentar sykkelen sin og sykklar ut i morgonen og opplever mange ting saman. Biletbok

Hoel, Tore Elias: Fire dagar i Nairobi (10 eks.)

I ei stram og velskrive forteljing får vi her høyre om fire dagar i livet til velstående Peter. Han har ein draum om å bli stjernesongar å la José Carreras, men når han blir med i skolekoret, oppdagar han verdien av samspel og solidaritet. I koret går også fattige Annie, og Peter blir nøydd til å reflektere over tilhøvet mellom svarte og kvite som bor i ein og same by. Parallellmotiv og ei levande personschildring gjer forteljinga til eit konsentrert og sterkt realistisk drama. Peter framstår som ein tilbakehaldane eg-forteljar, og det er mykje å lese mellom linene. Frå 5.klasse

Hof, Marjolijn: Ein liten sjanse (15 eks.)

10 år gamle Kikki har ein legefår som fartar verda rundt for å trø til der det trengst, og Kikki er redd for at han skal døy ute i felten. Begge foreldra seier at det er ein veldig liten sjanse for at noko skjer. For å gjere den vesle sjansen endå mindre, tenkjer Kikki ut korleis ho kan gjere det statistisk usannsynleg at faren dør. Derfor skaffar ho seg ei mus som kan døy, og håper at den gamle stinkande hunden heime trekkjer sitt siste sukk. Men det er lettare sagt enn gjort. Dette er ei humoristisk bok om å vere redd for å miste nokon ein er glad i. Nynorsk tekst. Forteljing for småskole-/mellomtrinnet.

Hovland, Ragnar: Ein dag i Sherwoodskogen (15 eks.)

Når ein les gode historier, lev ein seg lett inn i dei. Slik er det òg med forteljaren i denne biletboka. Han har vunne ein stilkonkurranse, og i premie får han ein dag i Sherwoodskogen. Der treff han Robin Hood og dei andre.

Forteljaren må hjelpe dei med sheriffen, som vil gjere skogen om til moropark.

Janosch: Den vesle tjukke Janosch-boka (22 eks.)

Dei tre første bøkene om tigreren og bjørnen er her samla i ei bok. Dei to gode venene bur i eit koseleg hus nede ved elva. I den første boka "Til Panama, til Panama", dreg dei ut i verda for å finne landet dei drøymmer om. I "Kom la oss finne ein skatt" drøymmer venene om rikdom og i "Tigerpost" vil dei finne nye måtar å halde kontakt på.

Janosch: Tigreren får sykkel (17 eks.)

Fornøyeleg bok i beste Janosch-tradisjon om reglane for å ferdast på sykkel i trafikken. Gjennom ein meisterleg kombinasjon av humor, ellevill forteljeglede, og ei særs instruktiv og morosam formidling av trafikkreglane, maktar forfattaren gjennom tekst og bilete å vise kvifor reglar er naudsynte.

Janosch: Tigreren lærer å telje (15 eks.)

I denne boka lærer bjørnen den vesle tigreren å telje. Han er ein streng lærar, som har klare mål for opplæringa, og visar framifrå - om enn noko utradisjonelle - pedagogiske evner til å få lærdomen til å sitje hos mottakarane. Ein artig tekst med fine illustrasjonar.

Janosch: Tigreren og bjørnen i trafikken (19 eks.)

Denne gongen er den vesle tigreren og den vesle bjørnen på sin første bytur. Trafikken er stor og skremmande. Det skrik frå bremsar og dei er på nippet til å bli overkøyrde. Tigreren tilbyr å lære bjørnen å te seg i trafikken. Med store bokstavar lærer lesaren enkle trafikkreglar saman med morosame og underfundige illustrasjonar.

Kaaberbøl, Lene: Skammarens dotter (bok 1, 33 eks. + lydbok)

Ungdomsserie. Skammaren er ein serie fantasy-bøker retta mot 9–12 år gamle jenter. Bøkene har hatt stor suksess i fleire land. Hovudpersonen er den 11 år gamle Dina, som er dotter til Skammaren og har arva same gåva som mora har: Når ho ser nokon i auga, er dei tvinga til å fortelje heile sanninga. Blikket gir makt, men det er også ei farleg gåve. Forbrytarar fryktar ho, og mange ønskjer å utnytte ho. Forfattaren Lene Kaaberbøl blei i 2002 kåra til beste Disney-forfattar for W.I.T.C.H.-serien, og er nå nominert til den velrenommerte Marsh-prisen for Skammarserien.

Kaaberbøl, Lene: Skammarteiknet (bok 2, 34 eks. + lydbok)

Skammarfamilien har flykta opp i Høglandet, men den hemngjerrige fyrst Draken og drakehæren hans får meir og meir makt, og ingen stad er trygg for Skammaren og barna hennar. 16-årige Davin og syster hans Dina kjem i harde kampar, kvar på sin måte.

Kaaberbøl, Lene: Slangens gåve (bok 3, 30 eks. + lydbok)

Under Midsommarmarknaden i Høglandet ser Dina den framande for første gong. Ho kjenner berre eit lite stikk av uro, men mor hennar stivnar til når ho får auge på han. Ho veit at denne mannen vil forfølgje Dina, og at dei alle no er i yttarste fare. Familien må flykte, men det er ikkje enkelt å gøyme seg for ein svartemeister, særleg når han har slangens gåve.

Kaldestad, Per Olav: Sola klappar meg (21 eks.)

Denne boka er delt i fire hovuddelar. Den første delen inneheld dikt om tankar og kjensler kring ein sjølv. Andre del er dikt om ting omkring ein. Tredje del er elleve dikt om den vesle fuglekongen, og fjerde og siste del handlar mest om fellesskap og vennskap. Krokann, Ingunn: Tina og Tønnesen (20 eks.) Tina har det leit. Pappa skal ikkje bu i lag med dei lenger. Men ho skal klare seg, for ho har Tønnesen, den snille hunden sin, mamma og Fannymor, mor til pappa. Tina er ei sterk og trygg jente som maktar alle omveltningane. Ei kvardagsforteljing som fortel om omsorg og samhold.

Lagercrantz, Rose: Modige Karl Gustav (15 eks.)

Modige Karl Gustav - er han verkeleg modig? Ja, ein kan saktens spørje. Karl Gustav går no i fjerde klasse og vann ialfall danse-tett-konkurransen i selskapet hos Stine.

Landstrøm, Olof: Stian går på posthuset (10 eks.)

Stian får hjelp av Karin, Ivar og Siv med å få den store pakka med heim frå posthuset. Her hjelp alle kvarandre, også minstemann får del i overraskinga over kva pakka inneheld. Boka har eit enkelt språk. Ei fin bok å dele med nokon.

Landstrøm, Olof: Stian hos frisøren (9 eks.)

Stian skal til frisøren for å bli fin til skoleavslutninga. Mor går og handlar mens Stian finn ein fin frisyre i eit blad, og seier at slikt skal håret klippast. Resultatet blir særs originalt, og ein nøgd gut og ei forvirra mor går

saman på skoleavslutninga. Ei lita bok med smil i, kanskje om å vere annleis?

Landstrøm, Olof: Stian på stranda (15 eks.)

Det er varmt. Stian og mamma sykklar til stranda. Akkurat når dei skal bade, byrjar det å regne. Slik uflaks! Eller er det kanskje flaks? Kjempefine teikningar til ei fin historie.

Landstrøm, Olof: Stians nye lue (10 eks.)

Boka handlar om Stian som får ny lue med skygge og om då lua *nesten* blir øydelagd! Ei historie der tekst og bilete heng nøye saman, og der dei humoristiske illustrasjonane i enkel strek er viktige for å få fram historia. Ei kjempefin bok som har fått ein heiderspris i den nordiske biletbokkonkurransen.

Lindgren, Barbro: Det vesle lokomotivet Rosa (15 eks.)

Dette er historia om om bullterrieren Rosa; om korleis ho gjer sitt inntog og temmeleg snart slit ut damemennesket sitt. Aldri har ein bullterrier vore illustrert finare!

Lindgren, Barbro: Store syster - vesle bror (15 eks.)

Kvar morgon går storesyster og veslebror ut i verda. Først går dei til Lyngørdama og ét av dropsa hennar. Så går dei til Eplemannen og ser på skipet i flaska. Til slutt helsar dei på kjempekule Kjell. Og Kjell hoppar for dei så heile huset ristar. Når veslebror ikkje får sove om natta, er det storesyster som ordnar opp. Ei bok med sprø sjarm og alvorleg humor.

Norlin, Arne: Eventyret om flodhesten (15 eks.)

Flodhesten sit i vassholet sitt og et vassgras. Han synest at tilveret er meningslaust og at han er det mest meningslause av alle dyr! Denne biletboka er ei sjarmerande og enkel framstilling av budskapet "skomakar bli ved din lest", og alle har ein plass i den store samanhengen.

Nöstlinger, Christine: Frans lærer å lese (31 eks.)

Frans er seks år og besteven med Gabi. Ein dag påstår Frans at han kan lese, men Gabi trur han ikkje. Sta lærer Frans eventyrboka som foreldra hans har lese inn på kassett utenat, og Gabi trur han... Det er mykje humor i bøkene om Frans. Leseløve,

Olsson, Ragnar: Haleboka (15 eks.)

At ein hale kan vere nyttig til mangt, får lesaren vite i denne biletboka. Det er teikningar av bortimot tretti dyr, og dei fortel sjølv om kva nytte dei har av halane sine. To barn og katten

deira leiar lesaren i "halestudiane".

Teikningane har ein humoristisk strek som passar godt til den halvfaglege framstillinga. Biletbok

Osland, Erna: Svart hane. (Daniella D., + 26 eks. + lydbok)

Spenningsbok nr. 2 i serien om Daniella D. Daniella skal bu hos stemora og veslesystema si. Veslesystema er livredd ein svart hane, som viser seg å ikkje vere ein hane, men ein utkledd postranar. Boka er spennande og lett å lese. Ein del modererte nynorskformer, f.eks., "fikk", "noe". 7. klasse, ungdomsskolen

Osland, Erna: Salamanderryttaren (32 eks.)

Erle, også kalla Bror Min, stel i butikkane. Stel frå dei rike og gjer til dei fattige, det er hennar moral. Lillebroren Søren på 12 år er til å stole på. Han ser kva som skjer, tenkjer på konsekvensane, men kan ikke stoppe henne med ord. Søren blir etterkvart sjuk av presset frå eige samvit og redsla for fengsel for systema. I draumen kjem så salamanderen; vegvisar og redninga. Søren tar på seg skulda då alt vert oppdaga, men foreldra kjenner barna sine og hjelp til med å rydde opp. Boka tek opptilhøve mellom barn og vaksne; det å vere avhengig, ansvar, utnytting, skuld og søskenkjærleik. Språket er godt, prega av ei knapp uttrykksform og korte setningar som gjer boka lett å lese. 6.- 10. klasse.

Parr, Maria: Vaffelhjarte: Lena og eg i Knert-Mathilde (15 eks.)

Trille og Lena Lid er to born på 9 år som bur i ei lita vik. Trille veit at Lena Lid er hans bestevenn, men han er ikkje sikker på om han er det same for Lena Lid. Uansett er dei to oppfinnsame niåringar, som lagar mykje liv og vaffelrøre rundt seg. Det kan ofte gå litt over styr, og innimellom alt leven og latter fortel Trille om sine tankar. Her er det både alvor og sorg, og redsle for å miste dei han er glad i.

Parr, Maria: Tonje Glimmerdal (15 eks. + lydbok)

Tonje Glimmerdal er einaste ungen i Glimmerdalen, og den tøffaste jentungen dalen har sett sidan dei vaksne tantene hennar herja på ski mellom fjella. Tonjes bestevenn er gamle Gunnvald, ein bisk felespelar på over sytti år, og dei to vennene kjenner kvarandre ut og inn. Eller gjer dei det? Ein dag då Gunnvald er på sjukehuset med broten lårhals, forstår Tonje at Gunnvald har ein stor løyndom han ikkje har røpt for bestevennen sin. Brått får Tonje mangt å rydde opp i, for her står det om lykka og felespel.

Røssland, Ingelin: Monstertanta (38 eks.)

Foreldra til 11 år gamle Julie drar på sommarferie til Kreta utan at ho får vere med. Julie blir sendt til tante Anna som driv gard, men tanta er ein hardhaus og likar ikkje ungar. Det blir eit strevsamt opphald hos tante Anna som krev at ho må jobbe hardt på garden og spise sunn mat. Slikt blir det konflikta av. Julie blir lei av å bli halden strengt i øyrene og rømmer. Mens Julie er på garden får ho ei venninne, og ho blir godven med kalvane og kjetta. Når ho besøker bestemora forstår ho kvifor tante Anna er som ho er, for ho oppdagar at tante Anna sjølv blir sett på plass av bestemora. Roman for mellomtrinnet

Sande, Hans: Hopp i havet, Elise (15 eks.)

Elise knaskar sukkererter og gler seg. Snart skal ho og pappa på padletur. Saman skal dei dra til badeplassen langt der ute. Men så kjem ei framand dame inn gjennom porten. «Er det du som er Elise?» spør ho og smiler på ein rar måte. Elise snur ryggen til. Korleis veit ho dama kva Elise heiter? Kva vil ho? Og kor blir det av pappa?

Sande, Hans: Arkimedes og brødiskiva (16 eks.)

Evreka fortel her om faren sin, som ligg i badekaret og drøymmer om å bli oppfinner. Etter ein samtale mellom far og dotter, prøver Evreka sjølv eit eksperiment. Det inneber ei luftreise for katten Arkimedes. Pappa blir sjokkert over resultatet, og Evreka må vera endå meir oppfinnsam for å kurere han. Ein humoristisk tekst glid i denne boka inn i ei frodig bilettver, der huset blir som ei scene for både mentale og fysiske krumspring. Kvardagslege gjenstandar og former deltek i eit spennande samspel med kvarandre og med teksten. Bilettbok

Sande, Jakob: Gåsa, katten og hanen (15 eks.)

I 2006 ville Jakob Sande har fylt 100 år, og den illustrerte bilettboka markerer dette. Fabelen stammar frå den norske kulturarven vår og fortel om gåsa, katten og hanen som vil ut i verda og freiste lukka. Dei dreg frå bondebygda i Norge og havnar hjå kongen i København. Der synar dei fram kunstene sine og får ærefulle oppdrag: Gåsa vert overkokke, katten vert kongeleg musefangar medan hanen skal vekke kongen presis klokka sju. I boka får dei ti versa kvart sitt oppslag. Bak i boka er noter med alle dei ti versa. Har fargerike heilsidesillustrasjonar. Nynorsk tekst. Bilettbok for førskolebarn/småskoletrinnet.

Sortland, Bjørn: Den gongen eg liksom-døydde (30 eks.)

Boka handlar om ein ti år gammal gut. Han er forelska i ei jente, men ho likar ein annan gut betre. Denne guten er mykje tøffare enn han sjølv er. Men sjølv om han er veldig sjenert, er han god på å dykke. Guten håper jenta skal bli forelska i han når ho ser kor flink han er.

Sortland, Bjørn: Den solbrende mammaen som blei bytta mot ti kamelar (30 eks.)

Mor har vunne i tipping og tar med seg Fredrik, Arve og tante Torunn på ferie til eit tilfeldig valgt sted. Her treff mor ein arabisk prins som vil gifte seg med ho i byte mot ti kamelar. Samtidig får Arve gode råd fra storebror Fredrik for å få sjans på jentene, noko som er fint når ein kjenner seg einsam og usynleg. Boka har fine illustrasjonar som står godt til den humoristiske teksten. Lestehesten

Sortland, Bjørn: Raudt, blått og litt gult (15 eks.)

Vesle Oda er med onkel til det store kunstmuseet. Onkel må ikkje forstyrrast, så då Oda blir tissetrengt, gir ho seg til på eiga hand for å leite etter ein do. Ho vandrar inn og ut av kunstverka til kjende bilettkunstnarar på leit etter ein do. Ei vakker og morosam bok.

Stai, Kari: Jakob og Neikob (15 eks.)

Jakob og Neikob er gode venner som bur i lag, sjølv om dei er svært forskjellige. Jakob er den som alltid seier JA til alt, medan Neikob seier NEI til alt. Trass i det bur dei saman. Jakob undrar seg over korleis i all verda han skal få lurt Neikob med på ein biltur når han alltid seier nei. Dette er ei humoristisk og surrealistisk forteljing om vennskap, uvennskap og utlandet. Illustrasjonane er laga i ein retroaktig stil. Nynorsk tekst. Bilettbok for førskolebarn.

Sunne, Linn T.: Happy (30 eks.)

Mo og faren flyttar til ein ny stad fordi faren har fått ny jobb i kommunen. Boka startar med Mos første dag på den nye skulen, i 8. klasse. Det er ikkje berre greit å vere ny, Mo blir bombardert med spørsmål frå nyfikne elevar og lærarar. Men Mo er godt førebudd og svarer så godt ho kan, især likar ho å fortelje om den fråverande mora som er motefotograf i New York. I byrjinga av boka får ein inntrykk av at Mo og faren har ein lett og optimistisk tone seg imellom, men litt etter litt slår det vellykka bilete sprekkar. Medelevarane skjønner etter kvart at Mo lyg og etter som Mos historie blir avslørt, blir ho utstøyt av dei andre og må starte på botnen av. Dette er ei forteljing om å vere ny i klassen, om å lyge og ha pokerfjes som sprekk. Roman for mellom-/ungdomstrinnet

Sunne, Linn T.: Luna (25 eks.)

Emma går i sjette klasse og har nettopp fått ei lita veslesøster. Mora slit seg ut av at den nyfødde aldri søv, og til slutt blir ho deprimert og må reise på kvileheim. Far er mykje på jobben, så Emma er glad for å ha venninna Karoline. Men så hender det at Karoline blir kjærast med Lars, som også Emma likar. Og det set vennskapet på harde prøvar. Det er hardt for Emma å miste venninna si også i denne vanskelege tida, og ho føler seg ganske aleine i verda. Inntil ho ein dag får vite ein stor løyndom av Lars.

Vatle, Sylvelin: Tim Brentloffs eventyr (bok 1, 30 eks.)

Tim Brentloff er ein ung mann, så urban som det går an å bli når ein veks opp i ein småby på vestkysten. På ferietur nordover forliser han med Rutebåten, Tim Brentloff blir feidd over bord og forlatt i bølger på størrelse med ei amerikansk boligblokk. Hvis han ikkje hadde blitt fiska opp av ei sprø kjerring som ser ut som om ho planlegg å sløya han, ville han ha vore død. Men Tim Brentloff dør ikkje. Dette er den forskrekkelige historia om hans reise til Nivlheim. Til det djupaste, ytterste Dødsriket - tur/retur. Det er den sanne forteljinga om hans møte med lumske fiendar, om byllepest, gift og pinsler. Om mordarspøkelser, klirrande knoklar, klam angst og mystiske hjelparar.

Vatle, Sylvelin: Fenrisulvens forbannelse (bok 2, 32 eks.)

Dette er den forskrekkelige historia om Tim Brentloffs reise gjennom Muspelheim. Om hans møte med mystiske hjelparar, ville jotnar og lumske fiendar, og om korleis han kom til å kryssa det botnlause Ginnungagapet.

Velthuijs, Max: Frosken og den framande (16 eks.)

I denne historia om den grønne frosken, kjem det ein framand og slår seg ned i skogkanten. Dei andre som bur der, likar ikkje den framande fordi han er ei rotte. Frosken ønskjer å sjå nærare på karen, og det kjem fram at rotta er både arbeidsam og hjelpsam. Alle tek til å like den framande, men etter ei tid drar han likevel vidare. Temaet er framandfrykt.

Velthuijs, Max: Frosken om vinteren (16 eks.)

Dette er historia om frosken som ikkje får sove om vinteren og berre frys. Han overlev fordi venene tar seg av han som best dei kan. Til slutt kjem endeleg våren og frosken blir ein lykkeleg frosk att.

Vesaas, Halldis Moren: Eg sette brillene på min katt (15 eks.)

Vakker biletbok for førskule- og småskuleungar med enkle, barnenære dikt av diktarparet Vesaas. Dei fleste av dikta vart opphavleg skrivne på bestilling til bruk i lesebøker. Biletkunstnaren Inger Lise Belsvik meistrar den fine balansegangen mellom tolking og meddikting.

Vesaas, Tarjei: Ein motig maur (15 eks.)

Novella "Ein motig maur" er henta frå Tarjei Vesaas sin novellesamling "Vindanen" som utkom i 1952. For nokre år sidan tok teiknaren Steffen Kvernland for seg ein del klassikarar og laga "Amputerte klassikarar" i Dagbladet. "Ein motig maur" var blant dei klassikaran han laga sin strek til. Denne boka bygger på denne teikneserien, teksten er noe nedkorta og tilpassa teikneserieformatet. "Ein motig maur" handlar om ein maur som vel å forlata tua si til fordel for den store verda. Vi følger mauren på ferda, i basketak med andre dyr og insekt, før den ender sitt liv i ein varm kopp med kaffi. Nynorsk tekst. Biletbok for småskole- / mellomtrinnet.

Widerberg, Siv: Guten og hunden (23 eks.)

Guten er livredd for hundar av alle slag, store som små. Foreldra er fulle av forståing og vil hjelpe han ved å gje han ein hundekvalp. Då panikken har lagt seg over den uhyrlege gåva, finn dei to kvarandre endeleg. Guten er framleis redd for hundar, men har byrja å arbeide med redsla si og ikkje berre flykta.

Økland, Einar: Pennen den blå. Samla dikt for barn og unge (15 eks.)

Mange av dikta er korte glimt frå kvardagen til barn, oftast skildrast tankar, kjensler og observasjonar meir enn hendingar. Mange emne, også dei vanskelege blir sett og oplevd med barneauge. Dikta i den første delen er konkrete og enkle i biletbok og symbol. Del 2 og 3 er meir fabulerande og passar for eldre barn og unge.

Åkerblom, Gull: Pizza med skinke og sjampinjong (30 eks.)

Moa har kjent Samuel heilt sia barnehagen, og trur at ho veit akkurat korleis han er: den mest bråkete guten i klassen, og ein racer til å kjøre skateboard. Men denne fredagen - når ho skal gå på ungdomsskoledisco for første gong, men må sitte barnevakt i staden, ringer Samuel på døra. Han har med pizza for å trøyste henne. Kven skulle tru det om han? Når han vil lære henne å kjøre skateboard seier ho ja. Første boka om Moa og Samuel.